



Bergen og Omland Havnevesen
Postboks 6040
5892 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2743 - 18/35988

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
29.11.2018

Oversending til handsaming etter særlov - Dispensasjon for etablering av parkeringsplass, utfylling og kaifront - gbnr 147/26 Sellevoll

Lindås kommune viser til innsendt søknad om etablering av parkeringsplass, utfylling og kaifront motteken 10.08.2018.

Vi viser også til oversendt kopi av godkjent dispensasjon til dykk 29.11.2018.

Bergen og omland havnevesen har meldt tilbake til kommunen at de ikkje har merknader til søknaden, men at saka må oversendast Fiskeridirektoratet før løyve etter Hamnelova kan godkjennast.

Dette meiner kommunen må vera feil, då søknaden er fullt ut i samsvar med reguleringsplanen. Vi kan ikkje sjå at det kan vera fiskeriinteresser innafor godkjent reguleringsplan, der arealføremålet er *privat småbåthamn* i sjø og *anna fellesareal* for det arealet som skal fyllast ut.
Dispensasjonssøknaden gjeld berre det generelle byggeforbodet i strandsona.

Vi ber dykk difor vurderer på nytt, om Fiskeridirektoratet må høyrast i denne saka.

Etter vår gjennomgang av søknaden og det tiltaket som det vert søkt om, er vurderinga at det er nødvendig med vedtak etter Lov om havner og farvann for utfylling i sjø og nye kaifrontar.

Søknaden vert med dette oversendt dykk for vedtak etter Lov om havner og farvann, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2.

Lindås kommune vil avvente si vidare sakshandsaming til løyve etter Lov om havner og farvann ligg føre. Vi ber om at kopi av vedtaket vert sendt til kommunen.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sjøkanten Eiendomsutvikling AS Alverneset 24 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Bergen og Omland Havnevesen Postboks 6040 5892 BERGEN